



# Norsk Oljemuseum Årbok 2020



# Ein 50-åring skriv historie

av Julia Stangeland

Sidan 2019 har Norsk Oljemuseum arbeidd med Equinor si historie. I 2022 rundar selskapet 50 år og det skal markerast med historieforteljing både i bokform og på nett. Equinor-historia har mange lag. Den byrjar med eit lite norsk selskap og endar opp med eit internasjonalt konsern.



Informasjonsleiar i Equinor, Hans-Aasmund Frisak, fortel korleis selskapet skal markere sine 50 år. Foto: Ole Jørgen Bratland/Equinor

– Eg er manager of communication eller communication manager, men det er ikkje informasjonssjef på norsk. Slik byrjar intervjuet med Hans-Aasmund Frisak. I løpet av intervjuet kjem han fram til at vi kan kalle han for informasjonsleiar.

– Det var lettare før då vi hadde norske titlar, legg han til. Frisak har ansvaret for markeringa av Equinor sin 50-årsdag i 2022, ei markering som fyrst og fremst skal skje gjennom ei godt dokumentert selskapshistorie. Equinor starta med tittelen Den norske stats oljeselskap, som raskt blei forkorta til Statoil, hadde tittelen StatoilHydro frå 2007 til 2009, før det tok tilbake Statoil som blei endra til Equinor i 2018. Frå å vere eit selskap som skulle verne nasjonale oljeinteresser, har det blitt eit selskap med kontor i fleire land.

– Equinor er ein sprek femtiåring og ein framtidsetta femtiåring, meiner Frisak, men det er altså òg ein femtiåring som har valt å sjå seg tilbake.

### **Universitetet i Oslo og Norsk Oljemuseum**

Dei som skal få kikke 50-åringen i korta er historieforskarar og masterstudentar i historie ved Universitetet i Oslo (UiO). Avtalen med universitetet blei inngått i 2016 og seks år seinare, i 2022, skal arbeide munne ut i eit tobindsverk om det gamle statsoljeselskapet. Frisak forklarer at dei valte nettopp UiO fordi dei tilsette der har erfaring med å skrive liknande historier, til dømes Norsk Hydro, DNB og Finansdepartementet sine historier. Han meiner at det å skrive historie er ein kunst og han meiner at dei tilsette ved historisk fakultet ved UiO kan denne kunsten.

– Dei er vel rangert, sjølv i Skandinavia, for å vere eit fakultet med tilsette som er godt eigna til å gjennomføre nettopp slike oppdrag.

I tillegg til eitt bind med Equinor si historie frå 1972 til 2000 og eitt bind med historia frå tida etterpå og fram til i dag, ville Equinor òg at selskapet si historia skulle få eit anna uttrykk. I 2019 inngjekk Equinor derfor ein avtale med Norsk Oljemuseum om å lage ei nettside med kortare artiklar, foto, film og anna kjeldemateriale. Nettsida vil ha ein liknande mal som dei industriminnenettssidene som museet har laga om Ekofisk, Frigg, Statfjord, Valhall og Draugen. Forbildet er ei slags multimedial framstilling.

– Det var eit ynskje fordi vi meiner at ungdom og studentar i større grad vil nyte seg av den digitale varianten, framfor å bruke bøkene. Tekstmengda vil bli mykje meir avgrensa digitalt i forhold til det ein vil sjå i ei bok. Eg trur dei to produkta vil vere gode supplement til kvarandre. Medan bøkene kanskje vil gå djupare inn på den økonomiske og samfunnsmessige historia, vil nettsidene kanskje i større grad ta for seg tidsaksen – altså kva som har skjedd i løpet av Equinor si snart femti år lange historie. Det vil òg vere lett søkbart på nett.

### **Skjelett og teknisk utvikling**

Frisak er ikkje heilt sikker på kven som kom på ideen om å markere Equinor sine 50 år med å skrive selskapet si historie. Han meiner å hugse at initiativet delvis var inspirert av at Norsk Hydro gjorde det same då selskapet fylte 100 år. Til slutt avgjorde i alle fall kommunikasjonsdirektør i Equinor, Reidar Gjærum, at dei skulle gå i gang med eit historieprosjekt. Han fekk full støtte av dåverande konsernsjef, Eldar Sætre. Det blei òg bestemt at det var eksterne som skulle skrive historia.

*– Var det vanskeleg å ta avgjerda om at det skulle skrivast eksternt? Frykta de at det skulle kome skjelett ut av skapa?*

– Nei, Eldar Sætre, som var ein pådrivar for prosjektet, sa frå dag éin at her skal vi verkeleg opne

skapa og viss det datt ut skjelett så skulle dei få lov til å falle ut, for å sei det sånn, forklarer Frisak som utdjupar at så lenge det er sant det som står, må dei tote at dei ikkje liker alt som kjem fram.


Han legg til at dei som har fått oppdraget med å skrive historia har fått tilgang til alt av arkiv og dokument, både i Equinor, men òg i aktuelle departements- og stortingsdokument. På den

måten vil dei kunne sjå kommunikasjonen både frå selskapet si side og frå myndighetene si side. Frisak fortel at arkivmedarbeidarane i selskapet måtte få utvida tilgangar for å kunne hjelpe forskarane som skulle arbeide med historieskrivinga:

– Det viser kor langt vi strekker oss når vi gjev tilgang utover det våre eigne tilsette har.



**statoil**  
Den norske stats  
oljeselskap a.s.



**StatoilHydro**



**equinor**

I løpet av si snart 50 år lange historie har både namnet og logoen endra seg, frå Statoil, via StatoilHydro, til Equinor.

Frisak er klar på at dei heller ikkje ville legge føringar for kva slags tema historikarane skulle skrive om, men dei har samtidig lagt fram sitt syn på kva det var viktig å få med:

– For oss er det viktig å få fortalt korleis teknologien har endra seg og korleis den har forma ulike sider av selskapet. Vi frykta at det kom til å bli veldig mykje historie som gjekk på det politiske og den delen der, men vi meiner at det òg er viktig å få fram slikt som knoppskyting i leverandørindustrien, teknologiutvikling og det forskingsmiljøa har bidratt med.

Equinor si historie er både lang og mangfaldig, og desse nyansane skal gjerne reflekterast i resultatet.

## **Hen**

– Eg har sjølv budd over 20 år i Stavanger og mine veneir på Austlandet er ikkje i nærleiken av å forstå kva dette [den mangfaldige oljeverda] handlar om, ikkje i det heile tatt. Det var derfor viktig for Equinor at det ikkje berre var «Oslo-folk» som skulle skrive selskapet si historie.

Frisak meiner at dei har lukkast med å lande ei prosjektgruppe med deltakarar frå ulike geografiske område og av ulik kjønn. Mange av historiestudentane er frå andre stadar i Noreg, frå Stavanger-regionen og frå Vestlandet generelt. Eivind Thomassen som skal skrive bind éin av boka er knytt til Oslo og universitetet der. Det

er samtidig inngått eit samarbeid med NTNU i Trondheim. Her arbeider nederlendaren som skal skrive bind to:

– Då eg høyrt det fyrste gong tenkte eg: Er det så lurt å få ein nederlendar til å skrive historia om Equinor – den norske historia, men han er berre eit unikum. Marten Boon kan bransjen vår ut og inn.

– *Det kan kanskje vere godt òg med eit utanforblikk?*

– Ja, og eg vil sei at frå vår side var det viktigast å finne det miljøet i Noreg som hadde best kompetanse på historieskriving.

Frisak legg til at det faktum at Oljemuseet òg er med, gjer at Stavanger-regionen er godt representert. Han er vidare nøgd med at det òg er balanse innanfor andre område:

– Eg trur det er veldig viktig, både at det er unge og gamle, men ikkje minst at det er ein balanse mellom kjønna. Ofte ser du at menn og kvinner har litt forskjellig syn på ting, historisk òg. Ho som skreiv om likestilling, ein kvinneleg student, hadde nok sikkert meir å bidra med enn ein mannleg student ville hatt, meiner han.

Frisak trur òg at kvinnene har fått større plass i Equinor enn dei hadde før:



Den 20. januar 2020 møttest alle som arbeider med å skrive Equinor si 50 år lange historie. Foto: Kristin Øye Gjerde/Norsk Oljemuseum

– I dag ser vi heldigvis fleire og fleire kvinner som kjem inn i roller som er viktige for selskapet. Eg vil med bakgrunn i det kalle selskapet meir eit hen, er det ikkje det ein seier, i staden for ein han eller ei ho. Sjølv om vi framleis har ein veg å gå, går det i alle fall i rett retning.

Frisak er samtidig klar over at det ikkje vil vere mogleg å få fram alle perspektiv, sjølv om historia nå blir profesjonelt dokumentert. – Det blir vanskeleg å få tak i det som ikkje er skrive ned og det som berre få var med på, meiner han.

### **Profesjonell historieskriving**

Moglegheita for profesjonell historieskrivinga var

og ein av dei viktigaste årsakene til at Equinor valte å få eksterne til å skrive historia.

– Dei vil til dømes helst bruke skriftlege dokument og ikkje basere seg på munnlege, subjektive kjelder, forklarer Frisak og forstår kvifor. Folk hugsar gjerne feil, er hans erfaring:

– Når du snakkar med folk i selskapet, har dei klare oppfatningar om kva for eit land som husa selskapet sitt fyrste utanlandskontor, men ingen svarer Kina, som faktisk er rett svar.

Å leite i eigne rekker var altså ikkje svaret denne gongen. Eit anna spørsmål er om vi treng fleire bøker og meir informasjon om

## «Historieforteljinga bli annleis når den som fortel står utanfor selskapet og ser inn med eit litt meir kritisk blikk».

Equinor si historie. Viss vi søker på Statoil i bibliotekdatabasen Oria, finn vi over 200 000 treff. Finst det ikkje då nok Statoil-historie frå før?

– Historieforteljinga blir annleis når den som fortel står utanfor selskapet og ser inn med eit litt meir kritisk blikk, meiner Frisak.

Han legg til at dette vil vere det fyrst objektive, profesjonelt skrivne historieverket. Dei har dessutan fått tilgang på *alt*. Det har ikkje forfattarar og journalistar som har skrive bøker hatt før. Han anerkjenner at det er skrive mange gode bøker om selskapet frå før, sjølv om desse gjerne er skrivne med ein eigen agenda, anten dei er skrivne av folk innanfor eller utanfor selskapet.

### **Ein femtiåring mot nye mål**

Dei kritiske blikka skal nå få moglegheit til å plukke både skjelett og gode historier ut av skapa og stille dei ut til luftinga. Det er ikkje uvanleg at selskap, så vel som menneske, i sine beste alder, ser seg tilbake. Frisak skildrar likevel, som nemnt,

Equinor som uvanleg sprek og framtidssretta. Han ser eit selskap som beveger seg mot den fornybare marknaden, med stadig nye aktivitetar. Han spår selskapet ei lysande framtid.

– *Så det blir 50 nye år?*

– Minst!

– *Korleis skal selskapet elles markere 50-årsdagen i 2022?*

Frisak drar litt på det: - Planlegginga har blitt lagt litt på is på grunn av koronaen så vi har ikkje bestemt noko ennå, men vi må nok byrje å tenke litt i løpet av 2021.

– *Kanskje nokre bakeri kan byrje å førebu seg på litt kakebestillingar i det minste?*

– Det blir kake i kantina. Det trur eg at eg kan seie allereie nå.

*Intervjuet blei gjennomført 19. november 2020.*